



Møtebok

Sak nr 38/2009

Møtedato: 9.9.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 596

S 596, Gilen – søknad om sel

Ola Thune har i sak 10/09 fått godkjent å erstatte eksisterande sel med eit nytt på same storleik.

Vedtak 10/09:

Fjellstyret finn ikkje at det er behov for større sel ut frå drifta på garden og avslår søknaden om å få føre opp nytt sel på 70 m² (BRA).

Fjellstyret har ingen merknader til at søkjaren får før opp nytt sel med same storleik som det eksisterande som skal rivast. Søknad med nye teikningar må sendast til fjellstyret for behandling.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 10.11.08 uttale til teikningane:

Fylkeskonservator vil tilrå kommunen a stille vilkår ved oppføring av nytt sel. For å ta omsyn til og vidareføre tradisjonen i denne type miljø bør nytt sel ha dimensjonering og material- og fargebruk som det eksisterande selet.

Thune har i brev datert 17.7.09 oversendt nye teikningar for godkjenning.

Oppland fylkeskommune skriv i brev datert 28.8.09:

Teikningane viser ein rektangulær plan med elt mindre utbygg på eine langsida. Slik mønet er lagt blir det el uheldig utforming. Vi vil tilrå el forenkling av bygningsvolumet ved at tilbygget fjernast. Alternativt kan tilbygget bli flytta noe nedover langveggen og få elt saltak vinkelrett på hovudtaket. Den første løysningen er best og vil vera i tråd med tradisjonelle stølshus.

Utover dette viser vi til vår førre uttale når det gjeld material- og fargebruk.

Teikning som var til behandling i sak 10/09 er i hovudsak den same som den nye, men med endring for areal. Teikningane byggjer på utforming av eksisterande sel.

Vedtak

Fjellstyret godkjenner teikningane, men ber søkjaren å vurdere å endre teikningane i samsvar med endra uttale frå Oppland fylkeskommune. Blir teikningane endra, skal nye teikningar sendast fjellstyret til orientering.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.9.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola Thune
Vestre Slidre kommune
Statskog
Oppland fylkeskommune